

STILLINGSOMTALE

FOR TILSETTE I SAMNANGER SOKN

Kyrkjetenar

Målet med stillinga:

- Syta for at kyrkjene og kyrkjegardsbygga er reine, ryddige og i stand.
- Leggja praktisk til rette for, og vera til stades på, tilstellingar i kyrkjene.
- Føra tilsyn med bygningane og uteområda som høyrer til.

Plassering i organisasjonen

- Kyrkjetenaren har kyrkjevevja som næraste overordna.
- I samband med gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar, er presten næraste overordna.

Hovudoppgåver – ansvar

Kyrkjetenaren har ansvar for:

- At kyrkjene vert rydda og gjort klare til arrangement.
- Å halda kyrkjene og kyrkjegardshusa reine.
- Å leggja fysisk til rette for kyrkjelyden sine aktivitetar i kyrkja.
- Oppgåver ved gudstenester, gravferder og ulike arrangement i kyrkjene.
- Å halda inngangspartia og rømingvegane i kyrkjene frie for lause gjenstandar, is og snø.
- Å halda uteområda ryddige og velstelte. (Ikkje ansvar for gravplassen)
- Å ringja med kyrkjeklokkene i samsvar med kyrkja sitt reglement.
- Å syta for at brannvern-føreskriftene vert haldne under arrangement.
- Å ha tilsyn med brannalarm, brannslangar og anna sløkkingsutstyr.
- Å ha tilsyn med tekniske anlegg (m.a. lydanlegg), inventar og bygningar.
- Å melda vidare feil, manglar og trong for større reparasjonar.
- Å gjera mindre reparasjonar og vaktmeister-oppgåver inne og ute.

Særlege føresegner

- Kyrkjetenaren må vera medlem i DNK
- Kyrkjetenaren må retta seg etter vanlege reglar for teieplikt.(§13 i forvaltningslova)
- Kyrkjetenaren bør disponera bil
- Det vert utarbeidd spesifisert oversikt over arbeidsoppgåver, om det er trong for det.

Kriterium for jobboppyflling

- At kyrkjebygget er ryddig, reint og klart til avtalt tidspunkt.
- At kyrkjetenaren møter dei som kjem til kyrkjelege tilstellingar på ein god måte.
- At brannvern-tiltak alltid vert følgde og rømingvegane er klargjorde ved arrangement.
- At feil og manglar anten straks vert utbeta eller melde vidare til kyrkjevevja.